

---

|                      |                      |
|----------------------|----------------------|
| <b>Saksnr:</b>       | 2023/34837-4         |
| <b>Saksbehandlar</b> | Christian Stokke Rye |
| <b>Dato:</b>         | 12.04.2023           |

---

---

**Til:** NPI – Plan, klima og analyse

---

**Frå:** Dina Johanne Lefdal Avdeling for infrastruktur og veg – Avdelingsdirektør Dina Lefdal

---

## **INV - Innspel og motsegn til felles fråsegn - Offentleg ettersyn - Kommuneplanens arealdel - Austevoll kommune**

Vi viser til brev, datert 15.02.2023, med forslag til ny kommuneplan arealdel lagt ut til offentlig ettersyn. Høyringsperioden er frå 16.02.2023 til 20.04.2023.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs fylkesvegane. Vi har og ansvar for å sikre framkomst og trafikktryggleik på fylkesvegnettet. Grunnlaget for dette er nullvisjonen om null hardt skadde eller drepne i trafikken, vegnormalane, rammeplanen med haldningsklasser for avkøyrslar og byggegrenser og elles regionale føringar. Våre innspel og motsegn er gjeve med bakgrunn i desse

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, foreslår ei politisk motsegn som går på areal avsett til bustad og LNFR-spreidd bustad utanfor dei større senterområda og kommunesenteret. Vidare har vi administrative motsegn som i stor grad er knytt til kryss og avkøyrslar. Vidare har vi òg administrative motsegn knytt til føresegna i planen.

Dei administrative motsegna er heimla i omsynet til trafikktryggleik som igjen er heimla i mellom anna nullvisjonen, statleg planretningslinje for samordna bustad areal og transport, nasjonal- og regional transportplan, handbok N100, veglova §9, og Regional transportplan Vestland 2022-2033 med det tilhøyrande grunnlagsdokumentet «Strategi for mjuke trafikantar».

### **Politisk motsegn**

Vi forstår at kommunen har eit ønske om å legge til rette for, og bygge oppunder robuste bygder. Samstundes er det ein utfordring at det er smale fylkesvegar, og lite tilbod til mjuke trafikantar. Av omsyn til trafikktryggleik og framkomst på fylkesvegnettet, er det viktig å samle utviklinga og utbygginga i kommunen. Dette vil redusere behovet for bilkøyring, i tillegg til at det dannar eit betre behovs- og økonomisk grunnlag for å utbetre fylkesvegane slik at framkomsten og trafikktryggleiken både for køyrande og for mjuke trafikantar kan betrast. Dette vil vere i tråd med trafikktryggingssplanen til kommunen der eit av hovudmåla er å sikre gåande og syklende langs vegane, i tillegg til eit av hovudfokusa som er å sikre trygg skuleveg. Også samfunnsdelen til kommuneplanen legg opp til å arbeide for gang- og sykkelvegar mellom bustadfelt og skuler. Fylkeskommunen meiner det derfor må prioriterast å legge til rette for fleire bustader ved dei større senterområda og kommunesenteret, framfor i dei mindre bygdene.

Vestland fylkeskommune sine framlegg til motsegn må sjåast i samanheng med vårt ansvar for framkomst og trafikktryggleik som vegmynde. Vi ønskjer at det framleis skal vere mogleg å busette seg og ha ei utvikling av bygdene i kommunen. Men for å sikre framkomst og trafikktryggleik må talet og storleiken på areal avsett til bustad og LNFR spreidd bustad reduserast, i tillegg til at talet kvoter for bustadeiningar innanfor LNFR spreidd bustad må presiserast og reduserast.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, foreslår politiske motsegn til:

- Talet og storleiken på areal sett av til bustad utanfor dei større senterområda og kommunesenteret.
- Talet og storleiken på areal sett av til LNFR spreidd bustad utanfor dei større senterområda og kommunesenteret.
- Storleiken på kvotar for bygging av bustadeiningar innanfor areal sett av til LNFR spreidd bustad.

Motsegna er av prinsipiell karakter og er knytt til konsekvensen av den overordna arealstrategien som opnar opp for stor grad av bustadbygging i bygdene. Dette er difor forslag til eit politisk motsegn.

Vidare er grunngjevinga for forslaget til motsegna heimla i omsynet til trafikktryggleik, som igjen er heimla i nullvisjonen, Vegtrafikklova § 40a, veglova § 9, og Regional transportplan Vestland 2022-2033 med det tilhøyrande grunnlagsdokumentet «Strategi for mjuke trafikantar».

## Gjennomgang av endringsforslag

Under følgjer ein gjennomgang av ei rekke areal kor det er foreslått nytt formål. For mange av dei ulike areala har vi skrive ein kommentar/merknad som eit kulepunkt. Våre merknader og kommentarar i kulepunkta, må sjåast i samanheng med den politiske motsegna. Til nokre av areala, har vi òg administrative motsegn knytt til trafikktryggleik. Desse er lagt inn i tekstboksar.

### Kalve og Hille

Kalve og Hille ligg heilt nordvest i kommunen. Det er foreslått areal til både bustad, og LNFR spreitt bustad i områda. Fylkesvegen er smal, utan tilbod for mjuke trafikantar og det er langt til nærmaste skule og barnehage. Fylkeskommunen er derfor negativ til å legge til rette for bustadbygging i dette området, og rår til at det heller blir prioritert bustadbygging nærmare dei større senterområda og kommunesenteret.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkta til kvart planføre mål:

- Kalve - 0101\_034 - Endre til LNFR spreitt bustad. Er i gjeldande KPA LNFR og Fritidsbustad
  - o Negativ til endringa. Bør vere LNFR.
- Kalve - 0101\_077 - Endre til LNFR spreitt bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spreitt og ein liten flik LNFR. Bygg er oppført
  - o Negativ til endringa. Bør vere LNFR.
- Hille – 0101\_074 - Endre til LNFR og bustad. Er i gjeldande KPA avsatt til bustad
  - o Dette er eit mindre areal, og det er avgrensa kor mange bustadar som kan byggast her. Vi vurderer dette likevel som uheldig. Det ligg utanfor senterområde, fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Hille – 0101\_041 - Endre til bustad. Er i dagens KPA LNFR spreitt bustad
  - o Dette er eit mindre areal, og det er avgrensa kor mange bustadar som kan byggast her. Vi vurderer dette likevel som uheldig. Det ligg utanfor senterområde, fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.

- Politisk innspel - ID15 - Hillesvika – endre til fritidsbustad på land, ande typar bygg og anlegg i sjø (småbåtanlegg). Dette er i dagens KPA avsett til Naust og Bruk og vern av sjø og vassdrag i vest og Naust og Fiske i aust. Dels også småbåthamn.
  - o Avkøyrsla til området har ei dårleg utforming. Avkøyrsla må endrast i tråd med reguleringsplan, og teikningar som fylkeskommunen har godkjent før bygging i området. Vidare er det ei felles parkeringsplass om lag 100 meter nordaust for fritidsbustadene. Det er svært uheldig for trafikktryggleiken at det ikkje er gongtilbod mellom parkering og fritidsbustadene. Sjå motsegn under.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn til politisk innspel (ID15) for manglande rekkefølgekrav om opparbeiding av avkøyrsla i tråd med godkjente teikningar.

### Bakkasund

Det er foreslått eit større areal til bustader i området rundt Bakkasund. Det er mellom anna butikk, gjestehamn og noko næringsliv på staden. Fylkesvegen er smal utan tilbod for mjuke trafikantar, og det er langt til nærmaste skule og barnehage. Fylkeskommunen er derfor negativ til å legge til rette for bustadbygging i dette området, og rår til at det heller blir prioritert bustadbygging nærmare dei større senterområda og kommunesenteret.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkta til kvart planføreemål:

- Bakkasund – 0101\_047 - Endre til bustad. Det er i dagens KPA avsett til LNFR spreitt bustad
  - o Stort areal. Dersom det skal byggast i området, må det sikrast rekkefølgekrav til trafikktrygging av fylkesvegen, spesielt med omsyn til mjuke trafikantar.
- Bakkasund – 0101\_030 - Endre til LNFR spreitt bustad. Er i gjeldande KPA avsatt til LNFR
  - o Middels/stort areal. Dersom det skal byggast i området, må det sikrast rekkefølgekrav til trafikktrygging av fylkesvegen, spesielt med omsyn til mjuke trafikantar.
- Bakka – 0101\_050 - Endre til næring. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - o Mindre areal langs sjø. Viktig at det sikrast trafikksikker tilkomst frå fylkesvegen, og at det blir gjort ei heilskapleg vurdering av verknadane næringsarealet vil få på fylkesvegnettet. Dersom det vert krav om dette, kan fylkeskommunen akseptere det.
- Politisk innspel – ID16 - Kleppsvik og Kleppe. Utvida område for bustad – frå LNFR og spreitt
  - o Stort areal. Dersom det skal byggast i området, må det sikrast rekkefølgekrav til trafikktrygging av fylkesvegen, spesielt med omsyn til mjuke trafikantar.

### Økland

Ved Økland er det foreslått areal til LNFR spreitt bustad. Området ligg utanfor senterområde, fylkesvegen er smal, og det er ikkje tilbod for mjuke trafikantar. Det er ikkje butikkar i området, og det er langt til nærmaste skule og barnehage. Det er også uheldig å leggje opp til bustadbygging på kvar side av fylkesvegen fordi det då kan skje ulykker når fotgjengarar kryssar vegen. Arealane er små, så det er avgrensa mengd bustadar som kan byggast. Vi meiner at desse planføreemåla må utgå av planen og at det heller blir prioritert å bygge bustader ved dei større senterområda og kommunesenteret.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av endringar som opnar opp for bustadbygging.

- Økland – 0205\_053 - Endring til LNFR spreitt bustad. Er i dagens KPA LNFR
- Økland – 0205\_052 - Endring til LNFR spreitt bustad. Er i dagens KPA LNFR
- Økland – 0205\_049 - Endre til LNFR spreitt bustad. I dagens KPA er området avsatt til LNFR.

- Politisk innspel - ID18 - Økland - Endre til LNFR spreitt. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR.

### Torangsvåg

#### Bustader Torangsvåg:

Felles for areala er at områda er for langt frå nødvendig infrastruktur som skule, barnehage og butikkar. Fylkeskommunen er negativ til foreslått areal til bustadbygging i området. Kommunen må prioritere utvikling rundt dei større senterområda og kommunesenteret som har betre infrastruktur. Dersom det skal leggest til rette for bustadbygging i området må det stillast rekkefølgekrav til utbetring av fylkesvegen, spesielt med omsyn til mjuke trafikantar.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkta til kvart planføreemål:

- Torangsvåg – 0205\_045 - Endre til bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR spreitt bustad.
- Torangsvåg – 0205\_026 - Endre til bustad. Er i dagens KPA LNFR
- Torangsvåg - 0205\_113 - Endre til bustad. Er i dagens KPA avsatt til Bustad og LNFR
- Torangsvåg – 0205\_114 - Endre til bustad. Er i dagens KPA avsatt til næring.
- Torangsvåg – 0205\_094 - Endre til LNFR spreitt bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR.
  - o Dette er eit mindre areal, og det er avgrensa kor mange bustadar som kan byggast her. Vi vurderer dette likevel som uheldig. Det ligg utanfor senterområde, fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
  - o
- Politisk innspel – ID22 - Troland - Behalde føremål bustad. Er i gjeldande KPA avsett til bustad, men er ikkje tatt i bruk.
  - o Dette er eit middelst stort areal. Vi vurderer dette som uheldig. Det ligg utanfor senterområde, fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.

#### Næring Torangsvåg:

Det er stor næringsverksemd i Torangsvåg, og det er fleire reguleringsplanar i området. Utviklinga av området bør sjåast i heilskap. Tilkomst skjer gjennom kryss mellom fylkesveg 5142 Tråvikvegen og kommunal veg 1207 Tråvik. Krysset har ei dårleg utforming, og stettar ikkje krava i vegnormalane. Ved utbygging i området må det stillast rekkefølgekrav til utbetring av tilkomst til området for å oppnå eit meir trafikksikkert kryss. Sjå motsegn i tekstboks under.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen finn ein i kulepunkt til det aktuelle planføreemålet:

- Torangsvåg – 0205\_034 - Endring til næring. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
- Torangsvåg – 0205\_115 - Endre til Næring. Er i gjeldande KPA avsatt til LNFR
  - o Stort areal. Vurderer det som svært uheldig – viser til motsegn under.
- Politisk innspel – ID20 - Tråvik - Endre til næring. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn for manglande rekkefølgekrav om utbetring av kryss i fylkesvegen ved utbygging av næring i området.

### Austre Bakholmen

Politisk innspel ID25 foreslår å endre eit areal på Austre Bakholmen til fritidsbustad på land, naust og småbåtanlegg ved sjø. Fylkeskommunen er negativ til forslaget, fordi det medfører at det må

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn til å endre areal på Austre Bakholmen til fritidsbustad på grunnlag av trafikktryggleiken.

byggast ei ny avkøyrsløse i 80-sone. Avkøyrsløse vil òg bli etablert i ei svingkurve, noko som også er negativt for trafikktryggleiken.

### Hufthamar, nord for Storebø

Det er avsett eit par mindre areal til bustad og LNFR-spreidd bustad på ei strekning mellom Hufthamar ferjekai og Storebø. Areal er delvis bebygd frå før, og ligg utanfor senterområda. Det er positivt at det er langsgåande tilbod for mjuke trafikantar heile vegen til kommunesenteret på Storebø. Vi meiner likevel det må prioriterast å bygge bustadar nærmare kommunesenteret i staden.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkta til kvart planføremaal:

- 0204\_113 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
- 0204\_112 - Endre til LNFR spredt. Er i dagens KPA avsatt til LNFR i nord
- 0204\_111 - Endre til LNFR Spredt bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - o Dårlig avkøyrsløse til privat veg 1126. Ligg i innerkurve. Truleg busshaldeplass i siktsona. Bratt stigning på sekundærveg.
- Politisk innspel – ID 28 - Hufthamar - Endre til Bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR
  - o Dette er eit mindre areal, og det er avgrensa kor mange bustadar som kan byggast her. Vi vurderer dette likevel som uheldig.
- Politisk innspel – ID 63 - Hufthamar - Endre til Bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR.
  - o Dette er eit mindre areal, og det er avgrensa kor mange bustadar som kan byggast her. Vi vurderer dette likevel som uheldig.

### Storebø

Det er positivt at det er sett av fleire store areal til bustad i nærleiken av kommunesenteret på Storebø. Det er kort avstand til Storebø sentrum, barne- og ungdomsskule, og elles industri og næringsverksemd.

Fylkesveg 546 Storebøvegen er den mest trafikkerte vegstrekninga i kommunen, og er i dag ein flaskehals fordi vegen er for smal til at større køyretøy kan passere kvarandre. Det er vedtatt ny reguleringsplan for utbetring av vegstrekninga. Det er avsett midlar, og prosjekteringsarbeidet har starta. Før utbygging i området må det sikrast rekkefølgjekrav som sikrar finansiering for utbetring av fylkesveg 546 Storebøvegen. Det er viktig at også kryss/avkøyrsløse er ferdig utbetra i tråd med planen før igangsetting av bygging av bustader. Dette for å sikre framkomst og trafikktryggleik for både køyrande og mjuke trafikantar. Sjå motsegn i tekstboks under.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkt til dei planføreemaal vi har merknad til:

- 0204\_126 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR.
- 0204\_093 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
- 0204\_094 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
- 0204\_085 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
- 0204\_092 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
- 0204\_086 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
- 0204\_145 - Endre til bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR og Bustad
- 0204\_037 - Endre til LNFR spredt. Er i dagens KPA LNFR
- 0204\_020 - Endring til bustad. Er i dagens KPA avsatt til næring
- Politisk innspel – ID 31 - Storebø - Endre til Bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR
- Politisk innspel – ID 59 - Storebø - Endre til LNFR spreidd bustad alt som ikkje er avsett til Bustad. Dette er areal som i gjeldande KPA er avsett til LNFR.
- Politisk innspel – ID 70 - Palsihaugen – Endre til bustad
  - o Det må sikrast infrastruktur og tilkomst frå fylkesvegen. Tilkomst vil truleg etablerast igjennom næringsområde. Det er viktig å få til heilskapleg løysing som tek omsyn til trafikktryggleik, spesielt for mjuke trafikantar. Det må òg sikrast at det blir ei felles løysing for tilkomst dersom det skal byggast på fleire areal i området.

- Politisk innspel – ID 33 - Storebø - Endre til Bustad. Er i gjeldande KPA allereie avsett til utbyggingsføre mål: næring, offentlig tenesteyting og bustad
  - o Det må sikrast infrastruktur og tilkomst frå fylkesvegen. Det må sikrast at det blir ei felles løysing for tilkomst dersom det skal byggast på fleire areal i området.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn for manglande rekkefølgekrav som sikrar ferdig utbetring av fylkesveg 546 Storebøvegen før igangsetting av bustadbygging i området. Vidare må det òg sikrast at kryss/avkøyrslar er ferdig utbetra i tråd med reguleringsplanen før igangsetting av bygging.

### Bjelland/Haukanes

På Bjelland og Haukanes er det foreslått fleire areal til bustad, og LNFR spreidd bustad. Fylkesveg 546 Bjelland er smal, svingete og har ikkje tilbod for mjuke trafikantar. Fylkeskommunen vil derfor rå i frå å legge til rette for bustadbygging i dette området. Det bør heller prioriterast å bygge bustader langs dei større senterområda og kommunesenteret.

Eit større areal på Søre Haukanes er foreslått til LNFR spreitt. Tilkomst skjer gjennom kryss mellom fylkesveg 546 Haukanes og kommunal veg Søre Haukanes. Krysset er svært uheldig utforma, og må utbetrast dersom det skal byggast i området, fordi det gir auka trafikk som krysset ikkje har kapasitet til å handtere. Sjå motsegn i tekstboks under.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen står i kulepunkt til det aktuelle planføre målet:

- Eidsbøen – 0203\_046 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spredt i nord og LNFR i sør
  - o Dette er eit mindre areal, og det er avgrensa kor mange bustadar som kan byggast her. Vi vurderer dette likevel som uheldig. Det er viktig å sikre trafikkikker tilkomst for mjuke trafikantar.
- Bjelland – 0203\_040 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spredt bustad
  - o Ganske stort areal som ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal, og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad. Bør òg sjåast på kapasitet i avkøyrsla.
- Bjelland – 0203\_041 - Endre til LNFR spredt bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - o Mindre areal utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal, og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad. Bør òg sjåast på kapasitet i avkøyrsla.
- Haukanes – 0203\_029 - Endre til LNFR spredt. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spredt og LNFR
  - o Stort areal. Utanfor senterområde. Smal fylkesveg. Ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Svært dårleg utforming av kryss i fylkesvegen – sjå motsegn under.
- Haukanes Grønestølen – 0203\_028 - Endre til LNFR spredt. Er i dagens kommuneplan avsatt til LNFR og Bustad i aust
  - o Ganske stort areal. Utanfor senterområde. Smal fylkesveg. Ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Sjå motsegn under.
- Vinnes Husavik – 0201\_060 - Endre til LNFR spredt budstad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spredt
  - o Mindre areal som ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal, og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Politisk innspel – ID34 - Haukanes - Endre til Bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR spreidd bustad.
  - o Mindre areal som ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal, og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.

Fylkeskommunen fremjar administrativ motsegn på grunn av manglande føresegn som sikrar utbetring av kryss i fylkesvegen ved eventuell bygging innanfor areal med UnikID 0203\_029.

### Eidsbakken/Søreide

Ved Eidsbakken og Søreide er det foreslått areal til bustad og LNFR spreidd bustad. Området ligg utanfor senterområde. Fylkesveg 5144 er smal, svingete og har ikkje tilbod for mjuke trafikantar. Fylkeskommunen vil derfor rå i frå å legge til rette for bustadbygging i dette området. Det bør heller prioriterast å bygge bustader ved dei større senterområda og kommunesenteret

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkt i opplistinga:

- Eidsbakken – 0204\_008 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - o Middels stort areal som ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal, og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad
- Politisk innspel – ID 36 - Endre til LNFR spreidd bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR
  - o Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal, og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad. Arealet har ikkje infrastruktur og tilkomst.

### Kolbeinsvik, Heiamark, Drønen

Planforslaget opnar opp for ein del bustad og næring på vestsida av Huftarøy, spesielt i Kolbeinsvik. Det er skule, barnehage og aktivitetsanlegg i området. Det er ikkje butikkar i området, og fleire av areala ligg utanfor senterområda. Vidare er det smale vegar, og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesvegane. Vi vil rå til at kommunen prioriterer å leggje til rette for bustadbygging i nærleiken av dei større senterområda, spesielt kommunesenteret Storebø.

Tilkomst til området skjer gjennom kryss mellom fylkesveg 5144 Naustheller og fylkesveg 5146 Vassnes. Ved utbygging i området må krysset utbetrast for å betre trafikktryggleiken. Sjå motsegn i tekstboks under.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkt til dei aktuelle planføremåla:

- Vassnes – 0202\_003 - Endre til bustad. Er i dagens KPA LNFR og LNFR spredt bustad
  - o Stort areal som ikkje er utbygd i dag. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Kolbeinsvik – 0202\_091 - Endre til bustad. Er i dagens KPA avsatt til bustad og LNFR
  - o Middels stort areal som er delvis utbygd frå før. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Kolbeinsvik – 0202\_066 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til Bustad i sør og LNFR i nord
  - o Mindre areal som er delvis utbygd frå før. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Kolbeinsvik/Hanøymyra – 0202\_061 - Endre til bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spredt bustad
  - o Middels stort areal som er delvis utbygd frå før. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- 0202\_025 - Endre til LNFR spredt. Er LNFR i dagens KPA.
  - o Mindre areal som ikkje er utbygd i dag. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- 0202\_026 - Endre til næring. Er i dagens KPA næring i nord og fritidsbustad i sør

- Middels stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Politisk innspel – ID 62 - Kolbeinsvik - Endre til LNFR spreidd bustad (utvding av føremålet). Er i gjeldande KPA avsett til LNFR
  - Lite areal som ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad. Viktig å sikre trafikksikker tilkomst frå fylkesvegen.

Fylkeskommunen fremjar administrativ motsegn til manglande føresegn som sikrar utbetring av kryss mellom fylkesveg 5144 Naustheller og fylkesveg 5146 Vassnes.

### Uglenes

Det er eit innspel (ID 47) om å endre arealet frå LNFR til bustad. Området ligg utanfor senterområda, fylkesveg 546 er smal og har ikkje tilbod for mjuke trafikantar. Fylkeskommunen oppmodar kommunen om at det heller blir prioritert å leggje opp til bustadbygging i nærleiken av dei større senterområda, spesielt kommunesenteret Storebø.

Fylkeskommunen fremjar administrativ motsegn til manglande rekkefølgjekrav som sikrar utbetring av avkøyrsla frå fylkesvegen før igangsetting av bygging i området.

### Otterå

Ved Otterå er det eit innspel (ID 43) med eit større areal foreslått til enten LNFR spreidd bustad, eller fritids- og turistføremål. Arealet ligg utanfor områdesenter, fylkesvegen er smal og har ikkje tilbod for mjuke trafikantar. Fylkeskommunen vil derfor rå i frå å legge til rette for bustadbygging i dette området. Vi oppmodar kommunen om å heller prioritere å bygge bustader i nærleiken dei større senterområda og kommunesenteret. Fritids- og turistføremål kan vurderast å passe betre på staden.

Fylkeskommunen fremjar administrativ motsegn til manglande rekkefølgjekrav som sikrar utbetring av avkøyrsla frå fylkesvegen før igangsetting av bygging i området.

### Vik/Vinnes

Planforslaget opnar opp for ganske mykje bustad og LNF spreidd bustad. Det er liten næringsverksemd, og låg aktivitet i området. Det er ikkje skule, barnehage eller butikk. Fylkesvegen er smal og har dårleg standard. Det er ikkje eit tilstrekkeleg tilbod for mjuke trafikantar langs fylkesvegen. Fylkeskommunen er på bakgrunn av dette negativ til å legge til rette for så mykje bustadbygging i området. Det bør heller prioriterast å bygge bustader langs dei større senterområda og kommunesenteret.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen står i kulepunkt til dei enkelte planføremåla:

- Vinnes Husavik – 0201\_060 - Endre til LNFR spredt budstad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spredt
  - Middels stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Vinnes – 0201\_048 - Endre til LNFR spredt. Er i gjeldande KPA avsatt til LNFR
  - Middels stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Vinnes – 0201\_047 - Endre til LNFR spredt bustader. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - Middels stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.



- Vinnes – 0201\_049 - Endre til LNFR spredt bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR
  - o Middels stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Vinnes/Blæmes – 0201\_053 - Endre til LNFR spredt bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR spredt i sør, Bustad i nord og LNFR spredt i nordvest
  - o Stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Vinnes/Blæmes – 0201\_084 - Endre til LNFR spredt. Er i dagens KPA avsatt til LNFR i nord og LNFR spredt i resten. Ei mindre justering.
  - o Stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad
- Vinnes – 0201\_002 - Endre til LNFR bustad spredt. Sørleg del er LNFR i dag, nordleg del er bustad
  - o Lite areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad
- Vinnes/Vik – 0201\_107 - Endre til Bustad (det som i dag er avsatt til spredt bustad), og LNFR (det som i dag er Bustad). Dyrka eller dyrkbar jord skal vere LNFR.
  - o Stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Vinnes/Vik – 0201\_034 - : Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR. Er i stor grad utbygd allereie
  - o Stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Vinnes/Solesvik – 0201\_078 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - o Middels stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- 0201\_021 - Endre til bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - o Lite areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Politisk innspel – ID 45 - Blænes - Endre til LNFR spreidd bustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR.
  - o Stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.

### Drivenes, Fagerbakke, Kalvanes og Bekkjarvik

I området rundt Fagerbakke, Kalvanes, Nordre- og Søre Drivenes, og Bekkjarvik er det foreslått store areal til bustadar. Dei fleste areala ligg forholdsvis tett på Bekkjarvik, men det er for det meste manglande tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesvegen. Det er fleire reguleringsplanar i området som legg opp til bustadbygging. Før det blir lagt opp til større utbygging i desse områda må det sikrast samanhengande tilbod for mjuke trafikantar til viktige målpunkt som kollektivtrafikk, Bekkjarvik sentrum, skule, barnehage og idrettsanlegg.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn til manglande rekkefølgjekrav som sikrar samanhengande tilbod for mjuke trafikantar frå dei foreslåtte areala til viktige målpunkt som kollektivtrafikk, Bekkjarvik sentrum, skule, barnehage og idrettsanlegg

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen står i kulepunkt til dei aktuelle planføremåla:

- Fagerbakke – 0106\_052 - endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR bustad.
  - o Stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Politisk innspel – ID 53 - Kalvanes (Longastykket) - Endre til Næring. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR

- Stort areal. Viktig å vurdere tilkomst frå fylkesvegen. Vidare er det òg viktig å vurdere vegbelastninga på fylkesvegnettet ved eventuell auke i tungtransport som følgje av næringsarealet.
- Nordre Drivaneset – 0106\_050 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til Bustad og LNFR spredt
  - Veldig stort areal, manglar tilbod for mjuke trafikantar langs fylkesvegen.
- Politisk innspel – ID 1 - Nordre Drivenes – Endring til bustad frå LNFR
  - Middels stort areal. Utbygging av dette arealet resulterer i auka trafikk i eksisterande x-kryss. Avkøyrsla ligg like ved oppstillingsplass for lysregulering av Selbjørn bru. I tillegg ligg avkøyrsla i innerkurva i fylkesvegen. Fylkeskommunen har derfor motsegn til å avsette dette arealet til bustad, på grunn av trafikktryggleiken. Sjå motsegn i tekstboks under.
- Søre Drivaneset – 0106\_047 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spredt bustad
  - Stort areal.
- Bekkjarvik – 0106\_026 – Endre til bustad. Området er i dagens KPA avsatt til LNFR.
  - Stort areal, ikkje utbygga frå før. Manglar samanhengande tilbod til mjuke trafikantar til Bekkjarvik sentrum.
- Politisk innspel – ID 48 - Søndre Drivenes - Bustad sør for Taushaugen - Endre til Bustad. Er i gjeldande KPA avsett til bustad i aust, og LNFR i vest.
  - Stort areal. Er fleire planar nord for dette området som legg opp til fortetting i tilknytning til Bekkjarvik. Dersom desse områda blir bygd ut, og fylkesvegen med tilbod for mjuke trafikantar blir bygd ut – kan dette området vere eit passande sted for utbygging.
- Politisk innspel – ID 49 - Søndre Drivenes – Fritidsbustader - Endre til Fritidsbustad. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR
  - Stort areal. Manglar samanhengande tilbod til mjuke trafikantar til Bekkjarvik sentrum.

På grunnlag av trafikktryggleik fremjar Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, administrativ motsegn til planføre mål ID 1 som endrar arealet til bustad.

### Rabben

Det er føreslått areal til bustader og LNF spreidd bustad i området, som til saman er ganske store. Vidare er det òg eit innspel om eit større næringsareal i området. Fylkesvegen er smal og svingete på dette strekket, og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Fylkeskommunen er negativ til å legge til rette for bustadbygging i dette området, og vil rå til at det heller blir lagt opp til bygging nærmare dei større senterområda og kommunesenteret.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkt til det aktuelle planføre målet:

- Rabben – 0105\_0105 - Endre til LNFR spredt. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - Middels stort areal, noko bygd frå før. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Tuftavika – 0105\_070 - Endre til LNFR spredt bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR bustad og LNFR.
  - Stort areal, nokon bustadar frå før. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Indra Rabbavika – 0105\_016 - Endre til LNFR spreidd bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR
  - Noko mindre areal, lite utbygd frå før. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Politisk innspel – ID 54 - Rabben - Endre til Næring. Er i gjeldande KPA avsett til LNFR

- Det er to moglege tilkomstvegar til dette området. Både avkøyrsløse til privat veg Indra Rabbavika, og kryss til kommunal veg Rabbavika er ikkje i tråd med handbøkene, og må utbetrast. Tilkomsveg, og kryss/avkøyrsløse må sikrast utbetra dersom det skal opnast for meir næring i området. Sjå motsegn i tekstboks under.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn til innspel ID 54 for manglande rekkefølgjekrav om opparbeiding av kryss og avkøyrsløse dersom det skal opnast for meir næring i området.

### Stolmen

Det er foreslått større areal til bustadføre mål på Stolmen. Stolmen ligg heilt sør-vest i kommunen, langt frå kommunesenteret på Storebø. Vidare er det ingen skule eller barnehage, i tillegg til lite næringsaktivitet i området. Fylkesvegen er smal, og det er ikkje langsgåande tilbod til mjuke trafikantar, heller ikkje til busshaldeplassar. Fylkeskommunen er negativ til å legge til rette for bustadbygging i dette området, og vil rå til at det heller blir lagt opp til bygging nærmare dei større sentrumsområda og kommunesenteret.

Jamfør den politiske motsegna, følgjer det under ei liste med eit utval av dei viktigaste endringane. Eventuelle kommentarar/merknader frå fylkeskommunen i kulepunkt til det aktuelle planføre målet:

- Stolmen – 0104\_042 - Endre til Bustad. Er i dagens KPA avsatt til LNFR og LNFR spredt bustad
  - Stort areal, delvis bebygd. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Stolmen – 0104\_040 - Endre til bustader. Er i dagens KPA avsatt til LNFR spredt bustad.
  - Stort areal, delvis bebygd. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Stolmen – 0104\_005 - Endring til LNFR spredt bustad. I dagens KPA er dette LNFR
  - Middels stort areal, ikkje bygga her frå før. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til LNFR spreidd bustad.
- Politisk innspel – ID 4 - Nordre Årland – Endre til bustad frå LNFR
  - Stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.
- Politisk innspel – ID 5 - Stangeland – endre til bustad frå LNFR
  - Stort areal. Ligg utanfor senterområde. Fylkesvegen er smal og det er ikkje tilbod til mjuke trafikantar. Negativ til å endre til bustad.

### Til kapittel 1: Generelle føresegnar

Under følgjer merknader og motsegn til dei generelle føresegnene. Mange av føresegnene er lite presise, noko som gjer det vanskeleg å bruke dei som verktøy i plan- og byggesaker. Formuleringar som til dømes «tar omsyn til tryggleiken» og «i god avstand» er vanskeleg å bruke i saksbehandlina. Vi rår til at kommunen får inn meir presise formuleringar.

### § 1-2 Plankrav

Det er opna for unntak frå plankravet for areal innanfor noverande bustadbebyggelse, noverande fritidsbebyggelse og noverande naustbebyggelse. For å ivareta trafikktryggleiken i området det skal byggast i, så må det vere eit vilkår at omsynet til trafikktryggleiken er ivaretatt for at unntaket skal gjelde. Vegstyresmaktene er dei rette til å vurdere om vilkåra er oppfylt.

Døme på slike vilkår:

- Dersom det er trygg tilkomst til viktige målpunkt som busshaldeplass, skule, butikk med vidare.
- Dersom endringa i trafikkmengd er forsvarleg

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn mot unntak frå plankrav fordi det kan medføre at trafikktryggleiken ikkje vert ivaretatt.

### § 1-4 Rekkefølgekrav

Austevoll kommune har eit fylkesvegnett som i stor grad manglar tilbod til mjuke trafikantar. Det kjem fram av plandokumenta at det er eit ønskje om å etablere meir gang- og sykkelveg i kommunen. Fylkeskommunen stiller spørsmål ved korleis dette er tenkt å bli finansiert. Vidare er det foreslått større areal til bustader i fleire område kor det er dårleg framkomst på fylkesvegen, og med manglande tilbod for mjuke trafikantar. Fylkeskommunen meiner det må stillast rekkefølgekrav om utbetring av veg og tilbod for mjuke trafikantar før utbygging i bustadområde. Vidare er vi redde for at dette kan resultere i at fleire område avsett til bustadbygging vil få urimeleg tyngande rekkefølgekrav for utbetring av veg og gangtilbod. Kommunen må sikre og dokumentere at det er realistisk at slike rekkefølgekrav kan oppfyllest, fordi det ikkje er realistisk å sjå føre seg at det offentlege kan bidra til realiseringa av slike kostnadskevjangande rekkefølgekrav.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn til manglande rekkefølgekrav om utbetring av veg og tilbod til mjuke trafikantar, i tillegg til manglande dokumentasjon på realismen i å oppfylle slike rekkefølgekrav.

Der kommunen ser at dette er lite realistisk, bør dei heller ikkje sette av areal til vidare utbygging. Dersom kommunen kan vise til at det er realistisk å få utbetra veg og/eller kryss i tilknytning til område det er eit ønskje å utbygge, så er det fleire område utanfor kommunesenteret som fylkeskommunen vurderer at kan fortettast. Dette kan vere med på å løyse det politiske motsegna om talet og storleiken på areal sett av til bustad og LNFR spreidd bustad utanfor dei store senterområda og kommunesenteret. Vi er positiv til dialog om dette vidare i planprosessen.

### § 1-9 – Veg

Gjeldande kommunal vegnorm kan ikkje bli lagt til grunn for plan- og byggesaksbehandling for fylkesvegar og reguleringsarbeid i tilknytning til fylkesvegar. Føresegna må oppdaterast med ei presisering som seier at det er Statens vegvesen si vegnormal N100 som gjeld for fylkesveg.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn mot at kommunal vegnorm skal leggest til grunn for all offentleg veg.

### § 1-10 Parkering

Jamfør overordna mål og planer om å redusere biltrafikken, vil vi rå til at talet parkeringsplassar vert redusert. Vidare vil vi rå til at talet på parkeringsplassar til sykkel vert auka. Vi utfordrar kommunen på å redusere talet parkeringsplassar for bil til fordel for meir miljøvennlege reisemåtar i tråd med overordna mål. Eksempelvis bør det i staden for å vere eit minimumskrav til tal bilparkeringsplassar, heller berre vere eit maksimumskrav.

### § 1-15 Mobilitet

1a) Det blir foreslått at mobilitetsplan med trafikkanalyse skal utarbeidast ved utbyggingsområde med 30 eller fleire bueningar. Vestland fylkeskommune meiner talet einingar som utløyser krav om mobilitetsplan må reduserast. Vidare må føresegna også sikre at utbygging av fritidsbustader, næring og industri også kan utløyse krav om mobilitetsplan.

Vidare må det òg vere føresegn som sikrar at det er krav om trafikkanalyse ved bygging av 4 eller fleire bueningar og fritidsbustader. Denne føresegna må òg sikra krav om trafikkanalyse ved mindre næring- og industriutvidingar.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn for val av kriteria for krav til mobilitetsplan, og manglande krav til trafikkanalyse ut utbygging av bustad, fritidsbustad, næring og industri.

## Til kapittel 2: Føresegner for spesifikke arealformål

Fylkeskommunen er negativ til fleire areal som er foreslått utvida og endra til bustad eller LNFR spreidd bustad, sidan det ikkje er føresegn som avgrensar moglegheitene til å bygge fleire bustader i enkelte av desse områda. Fleire stader kan det sjå ut som om arealformålet er foreslått justert for å vere tilpassa den eksisterande arealbruken. Dersom det ikkje er eit ønskje og mål om å leggje til rette for fleire bustader i slike områder, må det vere føresegner som sikrar dette for dei ulike bustadområda. Dersom arealendringa og justeringa berre er meint for å justere arealformålet til noverande arealbruk, og formålet ikkje er å opne opp for bygging av fleire bustader, kan fylkeskommunen vere positiv til arealendringa. Det må då vere føresegner som sikrar at det ikkje kan byggast fleire bueningar innanfor dei gitte areala som er sett av til bustad eller LNFR spreidd bustad. Føresegn som avgrensar moglegheitene til å byggje fleire bueningar i enkelte områder sett av til bustad eller LNFR spreidd bustad, vil kunne løyse fleire av motsegnpunkta fylkeskommunen har for dei ulike områda.

### § 2-1 Bustader (1110)

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn til at det er gitt unntak frå plankrav i areal for noverande bustader.

Det blir foreslått at det kan fortettast utan godkjent reguleringsplan innanfor areal for noverande bustadar. Vestland fylkeskommune er kritisk til at areal for noverande bustader kan byggast ut utan krav om reguleringsplan.

### § 2-14 LNF – spreidd bustadbygging (5210)

I planforslaget er det ein tabell over ulike delområde med kvote for talet på bustader som kan byggast i areal avsett til LNFR spreidd bustadbygging. Totalt er det lagt inn ei samla kvote på 169 einingar. I følgje SSB så viser prognosen at det ikkje er venta særleg auke i folketalet. Vi meiner derfor at kvota for tal bustadeiningar i LNF-spreidd bustad må reduserast.

Kvota seier berre noko om talet på bustader i eit større område som ikkje er presist avgrensa. For at fylkeskommunen skal kunne vurdere trafikktryggleiken for areala som er foreslått, må det spesifiserast heilt konkret kva polygon i kartet som har den aktuelle kvoten. Dei ulike areala bør delast opp og avgrensast ut i frå kva tilkomst frå fylkesvegnettet området nyttar. Vidare må det gjerast greie for kor mange av kvotane i tidlegare kommuneplan som er brukt i dei ulike områda.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn til for lite presis avgrensing og manglande presisering for kva områder kvotene for LNFR spreidd bustad gjeld for.

### § 2-9 Naust

Av erfaring er tilkomst til naust ofte utfordrande. Kommunen er i stor grad bilbasert. Det må derfor vere med ei føresegn som sikrar tilkomst til nausta. Føresegna må òg sikre at det blir sikra tilkomst til naust som skal bli frådelt og som ikkje har sikra tilkomst.

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, fremjar administrativ motsegn til manglande føresegn som sikrar tilkomst til naust.